

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 97/2022

2022/EØS/61/09

av 29. april 2022

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1409 av 27. august 2021 om godkjenning av fytomenadion som tilsetjingsstoff i fôr til hestar⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1410 av 27. august 2021 om godkjenning av eit preparat av *Bacillus licheniformis* DSM 28710 som tilsetjingsstoff i fôr til verpehøner, mindre utbreidde fjørfeartar meinte for eggproduksjon, fjørfeartar meinte for avl og prydfuglar (innehavar av godkjenninga: Huvepharma NV)⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1412 av 27. august 2021 om godkjenning av jarn(III)sitratkelat som tilsetjingsstoff i fôr til smågrisar og mindre utbreidde svineartar (innehavar av godkjenninga: Akeso Biomedical, Inc. USA, som er representert i Unionen ved Pen & Tec Consulting SLU)⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1413 av 27. august 2021 om godkjenning av endo-1,4-betaxylanase framstilt av *Bacillus subtilis* LMG-S 15136 som tilsetjingsstoff i fôr til diegjevande purker (innehavar av godkjenninga: Beldem, som er ein divisjon i Puratos NV)⁽⁴⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1414 av 27. august 2021 om retting av gjennomføringsforordning (EU) 2021/422 om godkjenning av eit preparat av *Enterococcus faecium* DSM 7134 som tilsetjingsstoff i fôr til verpehøner (innehavar av godkjenninga: Lactosan GmbH & Co KG)⁽⁵⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 6) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1424 av 31. august 2021 om fornya godkjenning av eit preparat av *Enterococcus faecium* DSM 7134 som tilsetjingsstoff i fôr til slaktekyllingar, og om oppheving av forordning (EU) nr. 998/2010 (innehavar av godkjenninga: Lactosan GmbH & Co KG)⁽⁶⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 7) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1425 av 31. august 2021 om godkjenning av manganelat av lysin og glutaminsyre som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽⁷⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 8) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1431 av 1. september 2021 om godkjenning av muramidase framstilt av *Trichoderma reesei* DSM 32338 som tilsetjingsstoff i fôr til avvande smågrisar (innehavar av godkjenninga: DSM Nutritional Products Ltd, som er representert i Unionen ved DSM Nutritional Products Sp. z o.o.)⁽⁸⁾ skal takast inn i EØS-avtala.

⁽¹⁾ TEU L 304 av 30.8.2021, s. 5.

⁽²⁾ TEU L 304 av 30.8.2021, s. 8.

⁽³⁾ TEU L 304 av 30.8.2021, s. 14.

⁽⁴⁾ TEU L 304 av 30.8.2021, s. 18.

⁽⁵⁾ TEU L 304 av 30.8.2021, s. 21.

⁽⁶⁾ TEU L 307 av 1.9.2021, s. 9.

⁽⁷⁾ TEU L 307 av 1.9.2021, s. 12.

⁽⁸⁾ TEU L 309 av 2.9.2021, s. 5.

- 9) Gjennomføringsforordning (EU) 2021/1424 opphevar kommisjonsforordning (EU) nr. 998/2010⁽⁹⁾, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 10) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 11) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 400 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/422) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32021 R 1414:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1414 av 27. august 2021 (EUT L 304 av 30.8.2021, s. 21).”

2. Etter nr. 417 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/982) skal nye nummer lyde:

”418. **32021 R 1409:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1409 av 27. august 2021 om godkjenning av fytomenadion som tilsetjingsstoff i fôr til hestar (EUT L 304 av 30.8.2021, s. 5).

419. **32021 R 1410:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1410 av 27. august 2021 om godkjenning av eit preparat av *Bacillus licheniformis* DSM 28710 som tilsetjingsstoff i fôr til verpehøner, mindre utbreidde fjørfeartar meinte for eggproduksjon, fjørfeartar meinte for avl og prydfuglar (innehavar av godkjenninga: Huvepharma NV) (EUT L 304 av 30.8.2021, s. 8).

420. **32021 R 1412:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1412 av 27. august 2021 om godkjenning av jern(III)sitratkelat som tilsetjingsstoff i fôr til smågrisar og mindre utbreidde svineartar (innehavar av godkjenninga: Akeso Biomedical, Inc. USA, som er representert i Unionen ved Pen & Tec Consulting SLU) (EUT L 304 av 30.8.2021, s. 14).

421. **32021 R 1413:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1413 av 27. august 2021 om godkjenning av endo-1,4-betaxylanase framstilt av *Bacillus subtilis* LMG-S 15136 som tilsetjingsstoff i fôr til diegjevande purker (innehavar av godkjenninga: Beldem, som er ein divisjon i Puratos NV) (EUT L 304 av 30.8.2021, s. 18).

422. **32021 R 1424:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1424 av 31. august 2021 om fornya godkjenning av eit preparat av *Enterococcus faecium* DSM 7134 som tilsetjingsstoff i fôr til slaktekyllingar, og om oppheving av forordning (EU) nr. 998/2010 (innehavar av godkjenninga: Lactosan GmbH & Co KG) (EUT L 307 av 1.9.2021, s. 9).

423. **32021 R 1425:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1425 av 31. august 2021 om godkjenning av mangankelat av lysin og glutaminsyre som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 307 av 1.9.2021, s. 12).

⁽⁹⁾ TEU L 290 av 6.11.2010, s. 22.

424. **32021 R 1431:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/1431 av 1. september 2021 om godkjenning av muramidase framstilt av *Trichoderma reesei* DSM 32338 som tilsetjingsstoff i fôr til avvande smågrisar (innehavar av godkjenninga: DSM Nutritional Products Ltd, som er representert i Unionen ved DSM Nutritional Products Sp. z o.o.) (EUT L 309 av 2.9.2021, s. 5).”

3. Teksta i nr. 2n (kommisjonsforordning (EU) nr. 998/2010) opphevast.

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2021/1409, (EU) 2021/1410, (EU) 2021/1412, (EU) 2021/1413, (EU) 2021/1414, (EU) 2021/1424, (EU) 2021/1425 og (EU) 2021/1431 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 30. april 2022, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel 29. april 2022.

For EØS-komiteen

Nicolas von Lingen

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.